

Frå Jølster Senterparti  
v/Ingrid Søyland  
Furehogen 16  
6847 Vassenden

### **Om framlegg til endring av lov om stadnamn**

16. april 2012 la Kulturdepartementet fram eit endringsframlegg til lov om stadnamn, som ei oppfølging av stortingsdokument nr. 8:58 (2007–2008).

Styret i Jølster Senterparti er einig i at skrivemåten av gardsnamn framleis skal fastsetjast av Statens kartverk, fordi dei er stadnamn og kulturminne med interesse for alle. Vi meiner derimot det er svært uheldig at eigar eller festar av bruk skal ha «det avgjerande ordet i saker som gjeld bruksnamn» (framlegg til endring i § 6).

Det er rettnok teke atterhald i § 8: Bruksnamnet kan få ein annan skrivemåte enn gardsnamnet dersom «eigar eller festar kan dokumentere at denne skrivemåten har vore i offentleg bruk».

Bakgrunnen er at mange ikkje skil mellom slektsnamn og gardsnamn/bruksnamn. Slektsnamn med opphav i gards- eller bruksnamn blir ofte skrivne slik desse vart nedteikna til dansk av prestar og futar på 1500–1800-talet, medan stadnamna følgjer lokal uttale og dagens skrivereglar.

Vi ser uheldige konsekvensar av dette lovframlegget:

- ◆ Det verkar forvirrande og rotete med ulike skrivemåtar av bruksnamn som har opphav i same gardsnamn, t.d. Vik, Wiik, Vig, Vigh osv.
- ◆ Forvanska skrivemåtar som ikkje støttar opp om lokal uttale av eit stadnamn, kan fort føre til at uttalen endrar seg, og stadnamnet som kulturminne blir borte.
- ◆ I mange tilfelle kan det vere vanskeleg å skilje mellom gard og bruk.
- ◆ Det kan vere tvil om kva ein skal godta som «offentleg bruk» av eit namn, og som kan danne grunnlag for å endre skrivemåten av namnet på bruket (jf. endringsframlegget til § 8).
- ◆ Det at brukaren skal avgjere namnet på bruket, kan føre til at eit bruk får endra skrivemåte frå ein generasjon til neste.
- ◆ Formuleringa i § 6 om at eigar/brukar skal ha det avgjerande ordet i saker som gjeld bruksnamn, ser ut til å stå i motstrid til formuleringa vi siterer frå § 8. Det kan fort føre til strid om korleis lova skal praktiserast.

Dei norske stadnamna, inkludert gards- og bruksnamn, er vår felles eige. Jølster Senterparti meiner at stadnamnlova slik ho er i dag, forvaltar gards- og bruksnamn på ein framifrå måte. Ho vernar om namna som kulturminne og sikrar den lokale uttalen, som er ein del av den immaterielle kulturarven vår. Vi ber derfor Stortinget om ikkje å gjere endringar i stadnamnlova, men halde på namnefastsetjinga slik ho er i dag.

Med helsing, for Jølster Senterparti  
Ingrid Søyland